



Rundskriv

06 / 2020

Regelverk for tilskot til samlivstiltak

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
POSTADRESSE:
Postboks 2233,
3103 Tønsberg

Sentralbord: 466 15 000

bufdir.no

Innleiing.....	3
1 Mål	3
2 Kven kan søkje?.....	4
3 Nærare om tilskotsordninga	4
3.1 Tilskot til lokale samlivskurs	4
3.1.1 Kva kan tilskotsmidla brukast til?	4
3.1.2 Krav til kursinnhald og kursleiaranes kompetanse:.....	5
3.1.3 Prioriteringar	5
3.1.4 Utmåling av tilskotet.....	5
3.2 Tilskot til utviklingstiltak på samlivsområdet og til opplæring av kursleiarar.....	5
3.2.1 Kva kan tilskotsmidla brukast til?	6
3.2.2 Utmåling av tilskotet.....	6
3.2.3 Prioriteringar	6
3.3 Driftstilskot.....	6
4 Verksemder og føremål som ikkje vert prioriterte	6
5 Kriterier for måloppnåing	7
6 Krav til søknaden.....	7
7 Søknadsfrist.....	7
8 Opplysning om vedtak	8
9 Bruk av tilskotet	8
10 Rapportering	8
11 Kontroll.....	9
12 Sanksjoner ved brot på regelverket.....	9
13 Høve til å klaga	10

Innleiing

Tilskot til samlivstiltak er løyvd over kap. 0841 post 70 på statsbudsjettet. Midlane blir forvalta av Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir).

Tilskotsordninga er oppretta med sikte på eit breitt spekter av søkjarar. Barne- og familiedepartementet ynskjer å oppretthalde engasjementet hjå dei som arbeider på dette området.

1 Mål

Det overordna målet med ordninga er å stø opp om samlivet i parforhold. Tiltak som kan styrkje samlivet kan vere viktige i eit samla førebyggjande familie- og samlivsarbeid. Målet er å utvikle og halde ved like eit godt samliv i parforhold, både for ektepar og sambuarar, og slik stø opp om ein varig og stabil familiesituasjon. Eit viktig mål med dette er å skape ein trygg og stabil oppvekst for barna. I ei tid med eit utvida familieomgrep og auka grad av "nye" familie- og samlivsformer, vil tilskotsordninga vera særleg viktig. Det er også rom for å gje stønad til tiltak som er retta mot familiar med høgt konfliktnivå mv.

Tilskotsordninga skal bidra til at organisasjonar kan utvikla og/eller gjennomføra tiltak som kan vere med på å

- styrkje samlivsforhold med sikte på å skape gode relasjonar
- førebyggje familie- og samlivsopløysing
- nå "nye" familie- og samlivsformer som til dømes likekjønna par og eksparntarar med felles barn
- nå "nye" målgrupper som til dømes par med innvandrarbakgrunn
- gje par som ynskjer å arbeide med forholdet sitt tilbod om kurs/tiltak som er relevante for målgruppa, og som har høg kvalitet
- gje rask og tidleg hjelp som kan hindre problemutvikling i «vanlege» og i utsette familiar
- generere kunnskap

2 Kven kan søkje?

- Frivillige organisasjonar, kommunar, familievernkontor, institusjonar og andre kan søkje om midlar. Organisasjonen må vere ideell og/eller frivillig, og ha eit tydeleg sosialt føremål. Den kan ikkje ta ut utbytte. Eit eventuelt overskot kan berre nyttast til det sosiale føremålet. Organisasjonar som er aksjeselskap må leggje ved dokumentasjon som viser at dei oppfyller desse vilkåra.
- Organisasjonar som søkjer om midlar til utviklingsprosjekt må ha formell kompetanse på samlivsarbeid og utviklingsarbeid. Organisasjonar som ikkje har tilstrekkeleg kompetanse, kan søkje om midlar til utviklingstiltak dersom dei etablerer forpliktande samarbeid med fagmiljø som har denne kompetansen.
- Organisasjonen må vere registrert i Enhetsregisteret på søknadstidspunktet.
- Det vert ikkje gjeve midlar til privatpersonar, enkeltmannsføretak eller andre tiltak som er drivne på forretningsmessig basis.

3 Nærare om tilskotsordninga

De kan søkje om tilskot til å halde samlivskurs, til utviklingstiltak og til drift. Vilkåra som gjeld for dei ulike føremåla er gjort greie for i underpunkta.

3.1 Tilskot til lokale samlivskurs

Midlane skal nyttast på ein høveleg og økonomisk fornuftig måte, slik at dei kjem flest moglege brukarar til gode. Det er difor viktig at dei administrative utgiftene til kursa vert haldne på eit lågt nivå, slik at deltakarane sin private økonomi ikkje skal utelukke mindre haldne grupper frå å delta på kursa. Arrangøren skal difor velje kursstad som ikkje inneber store utgifter til reise og opphald. Det er ei målsetjing at samlivskursa vert tilpassa flest moglege brukargrupper. Det vert ikkje gjeve tilskot til kurs for einskilde par.

3.1.1 Kva kan tilskotsmidla brukast til?

Tilskotet kan brukast til å dekkje utgifter som har oppstått ved at det vert halde kurs, og som er direkte knytt til gjennomføringa.

3.1.2 Krav til kursinnhald og kursleiaranes kompetanse:

- Kurset skal ha eit førebyggjande siktemål, og skal ikkje ha karakter av behandling.
- Kurset skal appellere til både menn og kvinner, og begge kjønn skal ha nytte av kurset.
- Kurset skal vere basert på best tilgjengeleg kunnskap. Det faglege grunnlaget for kurset skal gå fram av søknaden.
- Samlivskurset skal leiast av kvalifiserte kursleiarar. Som hovudregel vil dette vere personar som har treårig helse- og sosialfagleg eller pedagogisk utdanning.

3.1.3 Prioriteringar

- kurs for par som har barn
- kurs for minoritetspar og andre grupper som har særlege utfordringar
- søkjarar som samarbeider lokalt

3.1.4 Utmåling av tilskotet

Storleiken på tilskota vert fastsett etter ei heilskapleg og skjønsmessig vurdering. I vurderinga legg vi stor vekt på kor mange aktive kurstimar kurset har. Kor mykje pengar som er sett av til tilskotsordninga og kor mange søknader vi får inn har også verknad.

3.2 Tilskot til utviklingstiltak på samlivsområdet og til opplæring av kursleiarar

Siktemålet med utviklingsarbeidet er å styrkje den faglege kvaliteten på samlivskurset, bidra til at flest mogleg kan få tilbod om å gå på kurs, og å overføre eller spreie kunnskap om gode samlivstiltak til andre som held kurs og/eller til fagmiljø. Kurs som utviklast må ha innhald som beskrive i punkt 2.1.3.

Midlane i tilskotsordninga vert gjeve som årleg løyving over statsbudsjettet, difor kan det ikkje gjevast lovnad om årleg tilskot til tiltak som varer ut over eitt år. Om det vert søkt om tilskot til tiltak som de planlegg at skal vare i fleire år, bør den delen av tiltaket som kan gjennomførast i tilskotssåret ha sjølvstendig nytteverdi, eller fullfinansiering bør sikrast på anna måte. Sjølv om eit tiltak vert stødd i eitt år, kan andre tiltak verte prioriterte i påfølgjande år. Vi forutset at tiltak som vert utvikla og starta opp etter kvart vert implementert i organisasjon sin ordinære drift.

3.2.1 Kva kan tilskotsmidla brukast til?

- Utvikling eller tilpassing (for eksempel til ulike målgrupper) av program/materiell for kunnskapsbaserte samlivskurs, og unntaksvis også utvikling av innhald i nytt kurskonsept. Dersom de søker om tilskot til å utvikle nytt kurskonsept, må ekstern evaluering planleggjast, og søknaden må anslå kostnader til evalueringa.
- Det kan søkjast om midlar til evaluering av nye samlivskurs eller etablerte kurs som ikkje er evaluerte.
- Organisering og samarbeid om samlivstiltak lokalt o.a.
- Kursleiaropplæring i eit etablert og kunnskapsbasert kursopplegg.

3.2.2 Utmåling av tilskotet

Storleiken på tilskota vert fastsett etter ei heilskapleg og skjønsmessig vurdering. Kor mykje pengar som er sett av til tilskotsordninga og kor mange søknader vi får inn har også verknad.

3.2.3 Prioriteringar

- Utvikling / tilpassing av kurs for minoritetspar andre grupper som har særlege utfordringar.
- Tiltak som tek sikte på å få til ei god organisering/spreiing av tilbodet, og som kan medverke til at samlivstiltak vert ein integrert og etablert del av det lokale førebyggjande familiearbeidet.

3.3 Driftstilskot

Organisasjonar som tilbyr samlivskurs som si kjerneverksemd, og som har høg kvalitet på kursa, kan søkje om driftstilskot. Kursa må vere basert på eit teorigrunnlag utvikla av anerkjent ekspertise på området. Det er eit krav at organisasjonen har halde minst 10 samlivskurs året før tilskotsåret. Nettbaserte kurs kor minst 100 par har gjennomført kurs kan også vurderast. Organisasjonane har likevel ikkje krav på stønad. Ved fordeling vert det lagt vekt på aktivitetsnivået til organisasjonen, sett opp mot andre søkjarar.

4 Verksemdar og føremål som ikkje vert prioriterte

Tiltak som primært fell inn under andre politikkområder eller statlege stønadsordningar, t.d. midlar til kurs og/eller samlivsrettleggjing til foreldre med funksjonshemma barn, vil ikkje verte

prioriterte her. Det same gjeld for tiltak som i hovudsak dreier seg om foreldrerettleiing og oppsedingsspørsmål, og tiltak som er, eller ligg nært opp til behandling eller terapi.

5 Kriterier for måloppnåing

Om målet er nådd vert vurdert ut frå om, eller i kor stort omfang, tilskotsmottakar har gjennomført tiltaket jamfør vilkåra i tilskotsbrevet, og om det har nådd frem til målgruppa. Sjå annars punkt 10 om rapportering for gjennomførte prosjekter.

6 Krav til søknaden

Søknader om tilskot med naudsynte vedlegg sendast til direktoratet på fastsette skjema i Bufdirs søknadsportal. Ved søknad om tilskot til samlivskurs skal detaljert timeprogram for kurset leggjast ved. Om kurskonseptet som skal nyttast er nytt eller ukjent, må søkjar gjere greie for innhald, kva for teoriar/metodar det byggjer på, og kvifor dette konseptet vert valt. Krav til innhald i søknaden går fram av søknadsskjemaet. Direktoratet kan krevje ytterlegare dokumentasjon om det vert sedd å vera naudsynt for å vurdere søknaden.

Søkjaren har ansvar for at søknaden er rett og rett fylt ut, og at det går klart fram kva søknaden gjeld. Om søknaden ikkje er fullstendig, eller føremålet ikkje er godt nok gjort greie for, kan søknaden avslåast utan at det hentast inn utfyllande opplysningar frå søkjaren.

7 Søknadsfrist

Søknadsfrist fastsettas årleg av direktoratet. Om fristen fell på ein laurdag, søndag eller annan heilagdag, forskyvas den til næraste påfølgjande kvardag. Søknader som vert sende etter fristen eller som ikkje er komplette kan avvisas.

8 Opplysning om vedtak

Direktoratet skal opplyse søker om vedtak i tilskots- eller avslagsbrev, i tråd med forvaltningslovas § 27 og Bestemmelser om økonomistyring i staten. Vedtaket kan gjerast tilgjengeleg ved bruk av elektronisk kommunikasjon til den oppdaterte elektroniske adressa søkeren har oppgjeve.

Ved fordeling av tilskot skal mottakarar snarast mulig få tilgang til en oversikt over alle som mottar tilskot.

9 Bruk av tilskotet

Tilskotsmidlane skal brukast i samsvar med regelverket for ordninga og føresetningane i Bufdirs vedtak. Tilskotet skal brukast innan utgangen av tilskotsåret, med mindre direktoratet etter søknad har stadfesta noko anna. Tilskot til aktiviteter som ikkje er starta opp i tildelingsåret skal returneras.

10 Rapportering

Fristen for å sende inn rekneskap og rapport vert bestemt av direktoratet, og gjort greie for i tilskotsbrevet. Om fristen fell på ein laurdag, søndag eller annan heilagdag, forskyvas den til næraste påfølgande kvardag.

Rapportering for gjennomføringa av tiltaket skal skje på rapporteringsskjema som Bufdir har utarbeida. Rapporteringa skal skildre måloppnåing og avvik sett opp mot skildringa av tiltaket i søknaden og eventuelle krav som går fram av tilskotsbrevet.

Kursleiarane skal attestere for at dei har halde kurs på eit eige skjema. Dersom tiltaket omfattar produksjon av materiell, skal eit eksemplar sendast inn som del av rapporteringa. For lokale samlivskurs skal rapporteringa innehalde opplysningar om kor mange deltakarar det var på kursa.

Rekneskapet skal vere revidert, og revisjonen skal omfatte heile det mottatte tilskotet for heile prosjektperioden. Mottar de 200 000 kroner eller meir i prosjekttilskot, må rekneskapet vere

attestert av statsautorisert eller registrert revisor. Mottar de fleire tilskot frå tilskotsordninga, gjeld revisjonsplikta når samla tilskotsbeløp er 200 000 kroner eller meir.

Revisjonsstandard ISRS 4400 med avtalte kontrollhandlingar som blir gitt av Bufdir skal følgjast. Til revisor kan ein ikkje velja nokon som er ugild, jf. Revisorloven § 4-1.

Bufdir kan stille særskilde krav til innhaldet i rapporteringa frå enkeltmottakarar av tilskot. Slike krav vil gå fram av tilskotsbrevet.

Dersom tiltaket omfattar produksjon av materiell, skal de sende inn eitt eksemplar som del av rapporteringa.

Direktoratet rapporterer til departementet om måloppnåing for tilskotsordninga.

11 Kontroll

Bufdir og Riksrevisjonen kan sette i verk kontroll med at midlane brukast etter vilkåra, jf. bevilgningsreglementet § 10 annet ledd og riksrevisjonsloven § 12 tredje ledd.

12 Sanksjoner ved brot på regelverket

Om rapporteringa ikkje kan godkjennast, eller ikkje ligg føre innan fristen, vil det vere grunnlag for å krevje at tilskotet heilt eller delvis betalast tilbake.

Om en tilskotsmottakar eller nokon på vegne av tilskotsmottakar gjev ufullstendige eller ukorrekte opplysningar i forbindelse med søknad om tilskot, og dette medfører at tilskot ikkje vert rettkome utbetalt eller med for stor sum, kan tilskotet heilt eller delvis krevjast tilbake. Også den delen som i utgangspunktet var rettkome tilskot kan krevjast tilbake. Om tilskotet ennå ikkje er utbetalt, kan det verte heilt helt eller delvis halde tilbake og/eller falle bort.

Om tilskotet ikkje brukast etter føresetnadane i søknaden, kan tilskotet heilt eller delvis krevjast tilbake.

Dersom det vert utbetalt for høgt tilskot på grunn av at tilskotsmyndighetane har rekna gale, kan den ikkje rettkomne delen av tilskotet krevjast tilbake. Krav om tilbakebetaling kan ikkje settast fram for utbetalingar som er eldre enn tre år rekna frå 1. januar i det kalenderåret som kravet vert sett fram skriftleg.

13 Høve til å klaga

Enkeltvedtak gjort av direktoratet kan klagast på til departementet, jf. forvaltningslova § 28. Klagen sendast til Bufdir innan dei fristar som følgjer av forvaltningslova (tre veker). Endeleg klageinstans er Barne- og familiedepartementet.